

<b>Skule</b>	<b>Heim</b>
Skulen tek kontakt dersom sjukdom oppstår på skulen.	Eleven skal haldast heime ved feber/omgangssjuke.
Skulen legg ut vekeinformatjon innan måndag kl. 08.00. Heimearbeidet skal vera låst opp på Showbie etter undervisninga.	Heimen skal lesa vekeinformatjonen på Showbie kvar veke, og følgja opp heimearbeidet.
Lærarane har fokus på eleven si læring og utvikling.	Eleven møter presis og førebudd (med opplada læringsbrett, matpakke og utstyr som trengs).
Skulen tek kontakt ved viktige beskjedar, og dersom eleven ikkje møter til timen.	Heimen melder om viktige, relevante beskjedar på Visma (fråver innan kl. 08.00).
Skulen ivaretek fellesskapet.	Heimen har ansvar for henting/at eleven går ut, dersom dei har avtalar i skuletida (hugs å gje beskjed via Visma, også).
Skulen gjer sitt beste for å hjelpa elevane med å løysa konflikthar som skjer på skulen.	Heimen skal gjera sitt beste for å løysa konflikthar som skjer på fritida.
Skulen legg til rette for og samarbeider med føresette for at eleven skal meistra elevrolla.	Heimen deltek på foreldremøter og utviklingssamtalar.
Skulen jobbar for eit trygt og godt skulemiljø, og set inn tiltak ved behov.	Heimen forstår at eleven er ein del av eit fellesskap - det fins fleire barn enn ditt i klassen og elevmiljøet.
Skulen møter alle elevar med omsorg og respekt.	Heimen er gode rollemodellar for språkbruk.
Skulen har ansvar for undervisning og danning.	Heimen har ansvar for oppdraging.

**Spel på lag og snakk positivt om skulen, dei vaksne, andre elevar og deira føresette.**

**Me lukkast mykje betre viss me vaksne står saman.**